

Ungdom og økonomi: personleg forbruk og livsmeistring

Berit H. Blå, høgskolelektor, Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa


I den nyaste ressursen for framandspråk er det tverrfaglege temaet Folkehelse og livsmeistring i fokus. Undervisningsopplegget finst for språka fransk, russisk, spansk og tysk og er best eigna for nivå II: *Les jeunes et leurs finances personnelles / Личная экономика и потребление / Economía y juventud / Privatfinanzen und Lebensbewältigung.*

Temaet *Folkehelse og livsmeistring* er ikkje fagspesifikt beskrive i læreplanen for framandspråk slik som for engelsk og norsk, men i utgreiinga av temaet i *Overordna del'* finn ein fleire skildringar som er samanfallande med temaorienteringa i framandspråkopplæringa. Opprekninga av ulike aktuelle område, som 'levevanar', 'mediebruk', 'helse', 'relasjonar' og 'forbruk', opnar til dømes for høgst

relevante tilnærmingar i fransk-, spansk- og tyskundervisninga. Vi har valt å rette merksemda mot det sistnemnde området, det vil seie dette med private inntekter og utgifter og eventuelle konsekvensar for den personlege økonomien.

Utgangspunktet for undervisningsopplegget er ein kort stumfilm frå kvardagen til ein tenåring. Filmen begynner med at

hovudkarakteren passerer ein musikkbutikk. Ho får auge på ein blå gitar, og det er tydeleg at synet vekkjer kjensler. Vel heime sjekkar ho pengebeholdninga si, men det ser ikkje så lovande ut. Så følgjer et tilbakeblikk på tids- og pengebruka hennar, som i stor grad dreier seg om kjøp av kantinemat, mobilduppedittar, snacks og videospel. Hovudpersonen er blitt bevisst på pengebruka sin og legg no



ein plan for å nå draumen om å kjøpe den blå gitaren. Ho tek på seg småjobbar, begynner å ta med seg matpakke, tenkjer gjenbruk framfor forbruk og sel ting ho ikkje bruker lenger. Til slutt har ho endelig nok pengar til å kjøpe den etterlengta gitaren.

I undervisningsopplegget rundt filmsnutten er læringsaktivitetane delte inn i tre steg: **før** visualiseringa, **under** visualiseringa og **etter** visualiseringa. Sidan videoen er utan språkleg input, inneheld alle stega arbeidsmateriell som skal gi elevane eit visst repertoar av temarelevante ord og uttrykk.

Før visualiseringa:

For å førebu elevane på innhaldet i videoen er det lagt opp til ein felles klassesamtale omkring ein skjermdump frå filmen som viser stunda ved butikkvindaug i starten. Samtalen skal aktivere det eksisterande ordforrådet til elevane (spørjeord og ord om klede, utsjånad m.m.) og introdusere dei for nokre kjensleuttrykk (ved hjelp av ein «kjenlesirkel» som inneheld språkleg input).

Så er det klart for ein meir fysisk aktivitet der elevane skal gå rundt i klasserommet og spørje og svare i ein bingo-leik. Bingo-brettet består av frasar som har direkte med handlinga i filmen å gjere. Det kan vere lurt å gå gjennom frasane på førehand for å vere sikker på at alle elevane forstår dei. Så skal elevane gå rundt og snakke med kvarandre. Dei skal bruke frasane både reseptivt og produktivt. Ein avsluttande gjennomgang av resultatane i plenum bidreg til å aktivere målspråket ytterlegare.

Under visualiseringa:

Sidan filmen tek ei litt overraskande vending på slutten, skal ikkje elevane sjå heile filmen første gongen. Under den første filmvisninga er det i eit arbeidsark lagt opp til at elevane to og to skal ta stilling til relevansen til ulike bilete med tilhøyrande stikkord og faste vendingar – som i aktiviteten «Kven skal ut?». I kvar rad er det eitt bilete som ikkje passar inn, og

¹ https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del---verdier-og-prinsipp-for-grunnpoleringa_nynorsk.pdf









elevane skal identifisere kva for eit det er, mens dei ser på videoen.

I biletet der videoen blei stoppa, ser vi korleis jenta reagerer då ho ser at ein mann verkar å vere interessert i å kjøpe gitaren. Gjennom aktiviteten «samvitsalleen» skal elevane reflektere over og formulere moglege utgangar. Elevane stiller seg på to rekjer med ansiktet mot kvarandre. Ein elev går bortover «alleen» og lyttar til forslaga etter kvart som hen går forbi. Til slutt vel eleven det svaret hen synest er det mest sannsynlege – eventuelt kan ein opne for felles diskusjon for å involvere fleire.

Etter visualiseringa:

Etter at elevane har sett heile filmen, skal dei individuelt produsere ein skriftleg tekst i form av eit kreativt Biodikt om filmkarakteren. Til hjelp får dei tildelte ei skriverramme som gir mønsteret for diktet. I denne oppgåva får elevane arbeide med det konkrete filminnhaldet samtidig som dei kan inkludere eigne tolkingar.

Biodikt	
Verselinje 1	Fornamn
Verselinje 2	Fire karaktertrekk
Verselinje 3	Eg elsker / liker
Verselinje 4	Eg føler
Verselinje 5	Eg trenger
Verselinje 6	Eg frykter
Verselinje 7	Eg ønsker
Verselinje 8	Eg drøymmer
Verselinje 9	Eg mister
Verselinje 10	Etternamn

EGENSKAPER			
			
zielgerichtet	arbeitsam / fleißig	faul	fürsorglich
FORBRUK			
			
Getränke	Videospiele kaufen	Süßigkeiten kaufen	Lunch kaufen

© Framandspråksenteret

Heilt til slutt kan elevane setje opp eit personleg budsjett ved fylle ut ein budsjettmal. Slik får dei gjere eit overslag over sine eigne utgifter og inntekter på målspåket.

Filmsnutten viser draumar, mismot, innsats og glede når det gjeld eigne finansar. Det sentrale i opplegget er å gi elevane eit vokabular som skal hjelpe dei med å snakke om personlege og praktiske utfordringar knytte til pengebruk. Dette er heilt i tråd med den generelle beskrivinga av det tverrfaglege temaet i Overordna del, som presiserer at livsmeistring «dreier seg om å kunne forstå og å kunne påverke

faktorar som har betydning for meistring av eige liv», og at dette mellom anna går ut på å takle både medgang og motgang.

Video: <https://youtu.be/fUEZCeDm7v4>



QR-kode: Undervisningsopplegg om Ungdom og økonomi på ulike språk